

KRAV TIL INNSEENDING AV PLANFORLAG

Krava i startpakken er felles for dei 16 Smart-kommunane i Rogaland.

Reguleringsplanar skal utarbeidast i tråd med plan- og bygningslov vedtatt 27.06.2008, departementets rettleiarar og nasjonal produktspesifikasjon. Sjå www.planlegging.no og www.regjeringen.no/kartforskriften

Innlevert materiell skal òg tilfredstille følgjande krav:

1. Plankartet skal normalt lagast i målestokk 1:1000. Det skal leverast målhaldig pdf med tittelfelt, samt digital plandata i nyaste sosi-format. Kartutsnittet skal vere så stort at lesaren ut frå stadnamn og omkringliggjande bygg får eit godt inntrykk av kor tiltaket er lokalisert. *Plan ID og plannamn i tittelfelt, samt dato for siste revisjon.*
2. Reguleringsføresegner og planskildring skal leverast i word-format, og i tråd med utarbeidd mal for Smart-kommune, sjå eigne filer.
3. Vedlegg til planskildring , konsekvensutgreiing (KU), ROS-analyse og sjekklister ROS skal leverast i pdf-format.

ROS-analyse. Sjekklister skal brukast som kontroll i forhold til hendingar som kan skje. Sannsynlegheita for at hending kan inntreffe og konsekvensane av dette skal opplysast. Aktuelle hendingar skal utgreiast, *og evt avbøtande tiltak skal inngå i planforslag*

KU. Konsekvensutgreiingar skal utførast i tråd med [forskrift om konsekvensutgreiingar](#), for dei tiltak der det utløyser krav til slik utgreiing. I utgreiinga skal det kome fram kvifor krav om konsekvensutgreiing er utløyst, skildring av dagens situasjon (0-alternativ), skildring av alternative forslag, konsekvensar av forslaga og avbøtande tiltak. Vurderingane skal vere etterprøvbare og det skal tydelig gå fram korleis konsekvensane er vekt. Ein skal opplyse om ev kjelder.

4. PDF- kart/illustrasjoner skal være rett orientert i forhold til tekst og nordvendt
5. Kopi av melding om oppstart og alle mottatte merknader leverast i pdf. I annonse/varslingsbrev bør det stå at merknader skal gå med kopi til kommunen. Forslagstillar må sjølv følge med på [plandialogen i EbyggWeb](#) ift merknader som ev sendast kun til kommunen. *Forslagstillar sin kommentar til innkomne merknader skal framgå av planskildringa, og ev endringar i planen som følgje av innkomne merknader skal kommenterast.*
6. Sjekklister (avhengig av kommune)
7. Sjekklister sosi-kontroll – dokumentasjon av egenkontroll
8. Naudsynte illustrasjoner og dokumentasjon i tråd med ev avtale i oppstartsmøte. Alle illustrasjonar skal vise maksimal utnytting, som er realistisk og gjennomførbart.

Følgjande skal som regel leggjast ved :

- Illustrasjonsplan som viser maksimal utnytting
- Fotomontasjer og eller 3D med omkringliggjande utbygging
- Sol/skyggeanalyse som viser konsekvensar for naboeigedommar
- Støyanalyse

Plandokument som sendast inn skal ha følgjande dokumentnamn:

Alle dokument skal ha namn i tråd med dokumentkategoriene under:

Kunngjøring	Forslagstillar sitt oppstartvarsel , brev/annonse
Planprogram	Der dette er naudsynt
Merknad	Innkomne innspel etter varsel om oppstart
Møtereferat	Notat frå oppstartsmøtet ev andre relevante møte for planforslaget
Illustrasjoner	Fotoillustrasjonar, 3D, perspektivskisser, snitt og anna
Utgreiingar	Td konsekvensutgreiing, støyanalyse el.l
Planskildring	Skal utarbeidast i tråd med krav frå Smart-kommune
Føresegner	Skal utarbeidast i tråd med krav frå Smart-kommune
Plankart	Skal utarbeidast i tråd med krav frå Smart-kommune
Konsekvensutgreiing	Der dette er naudsynt
ROS-analyse	Skal utarbeidast i tråd med krav frå Smart-kommune/mal
Sosifil	Alltid siste gjeldande format
Klage	
Korrespondanse	

Bilde i tekstdokument må komprimerast til 200 ppi/dpi. Enkeltfiler skal ikke overstige 10 mb
PlanID og plannamn må kome tydeleg fram i oversendingsbrev

Komplett materiale

Planforslag er ikkje komplett før dette nemnde materiale er mottatt. Materialet skal sendast inn samla pr post til postmottak@hjelmeland.kommune.no og merkast med planID og plannamn

Det er tilbod om dialogmøter undervegs i prosessen etter oppstartsmøte, samt overleveringsmøte før saken sendast inn, etter behov.

Mottatt digital plan

Mottatt digitalt plankart i sosi vil bli kontrollert visuelt i forhold til eigedomsgrenser og tilstøytande planar. Det vil bli foretatt geometrikontroll av vegar, sjekk av eigarform og generell kontroll av sosifil og sjekk i tråd med til nasjonal produktspesifikasjon for arealplaner.